

Masfjorden Arbeidarparti
v/ leiar Torill Torsvik Størkersen
Fensfjordvegen 1311
5986 Hosteland
torill@vestablikk.no

Hosteland, 30. sept. 2018

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes
post@masfjorden.kommune.no

HØYRING - SAMANSLÅING AV UNGDOMSSKULANE I MASFJORDEN

Viser til sak 34/2018, der kommunestyret vedtok å legge saka om endringar i skuleskrukturen ut på høyring. Følgjande alternativ skulle høyrast:

1. Nordbygda og Sandnes til ein ungdomsskule
2. Alle tre skular til ein felles ungdomsskule
3. Brekke/Matre og Nordbygda/Sandnes

Masfjorden Arbeidarparti stiller seg positive til at ungdomsskuletrinna på Nordbygda og på Sandnes bør vurderast å bli slått saman. Hovudgrunnen til dette er at klassane i dag er så små, at det oftare og oftare vert slått saman klassar, også på ungdomstrinna. I år er det til og med samanslåing mellom ein klasse på ungdomstrinnet og ein på barnetrinnet ved Nordbygda. Dette ser vi er uheldig utvikling. Utfordringane blir større og større for å få gode faglege og sosiale læringsmiljø. På Sandnes er heile 3 klassetrinn på barneskulen slått saman. Då er det i utgangspunktet betre å sjå på samanslåing på tvers av skulane og då ungdomsskuletrinna på Nordbygda og Sandnes. Vi tilrår likevel at det i saksutgreinga vidare bør sjåast nærare på følgjande punkt for at vi skal kunne vurdere saka grundig nok ved ei evt. samanslåing av ungdomstrinna ved Nordbygda og Sandnes:

1. Byggtekniske utbetringar/ romprogram i høve lokalitet, og stipulering av eventuelle kostnader.
2. Reise til å frå skule i høve vurdering av kvar ungdomstrinnet bør lokaliserast. Kan skulereisa rasjonaliserast i tid, då med tilkøyringssruter? Vil nye transportløysingar skape ekstra kostnader.
3. Korleis ser framskriving av elevtalet ut? Kor store blir klassane?
4. Korleis vil ei samanslåing kunne styrke valfag og val av språkfag?

5. Korleis kan ungdomsskuleelevane ved Matre kunne ta del i evt. val av valfag og språkfag som vert tilbudd ved ei evt. Nordbygda/ Sandnes-samanslåing?

Masfjorden Arbeidarparti håpar det let seg gjere å få denne saka belyst nærare på dei nemnde punkt, og ser fram til den vidare handsaminga. Vi ser det òg som svært viktig å lytte til dei andre høyringsinnspel som kjem inn, før ei slutning om evt. samanslåing og tilrådd lokalisering finn stad. Vidare tilrår vi at samanslåingsprosessen Brekke/ Matre bør drivast vidare for nærare vurdering.

Med vennleg helsing

Masfjorden Arbeidarparti

Torill Torsvik Størkersen
leiar